



Thea S. Taranger, Viljar S. Tveit og Amalie H. Rød er utpeika som gruppeleiarar i prosjektet. Det er ei krevjande oppgåve.

Hovudsaka er ikkje minst å heva debutalderen for alkohol, seier lærar Åse Myklebust Neset om det rusforebyggjande undervisningsprogram Unge & Rus som no er under avvikling ved skulen i Uskedalen.

Det er retta mot dei 16 sjuandeklassingane og strekkjer seg over 20 timar. Programmet vert halde for tredje gong og er ein vidareutvikla og samordna versjon av to slike programmer som er utvikla av universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen, Høgskulen i Bodø og KoRus-Nord. Det er også lagt til rette for 8. og 9. klassesteg og vidaregåande skule men i Uskedalen konsentrerer dei seg om klasse 7 for lettare å nå fram til foreldra med budskapet.

Prosjektet er eit samarbeid mellom skule og heim og set fokus på born og unge og deira haldningar og normar overfor alkohol. Både elevar, lærarar og foreldre og føresette er målgrupper for tiltaket.

I samarbeide mellom skule og heim skal ein utvikle kunnskap og evne til å tenke kritisk om bruk av alkohol, styrkje haldningane mot bruken, evna til å seia nei til rus og utsetta alkohoidebuten.

- Det var ikkje minst interessant og viktig å ha foreldra med, seier lærar Mona Hellevik, som var sentral i prosjektet i fjor. Det skal munna ut i ein eller annan form for presentasjon, til dømes film, powerpoint, føredrag, teater eller dans. Opplegget dette året er godt igang. Til dømes har foreldra delteke i eitt møte og skal vera til stades på 2 til.

Det er utpeika 3 gruppeleiarar og denne veka har dei fått orientering om kva prosjektet eigentleg går ut på. Heile veke 11 er sett av til det og det er eit grundig opplegg der også utekontaktane i kommunen står sentralt.

Men lærarane og foreldra står særleg sentralt. Lærarane skal få auka kompetansen sin som formidlarar av verdiar og auka kontakten mellom heim og skule. Foreldra skal auka kontakten seg imellom og få auka autoritet til å setja grenser for utprøving av rusmidlar.

Dei bør også bli flinkare til å snakka med borna sine om bruken.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen